



## Adresseliste

### Areal og forvaltning

Saksh: Sissel Aarvik

Tlf: 53 65 61 36

Dato : 28.06.2013

Vår ref: 13/9717

Dykkar ref:

Arkiv: K2-K21



13/6844-

## TIL UTTALE - SØKNAD OM DISPENSASJONAR - ARBEID MED AASTA HANSTEEN PLATFORM I VATS- OG YRKEFJORDEN

Vindafjord kommune har i brev daterte 22.05.13 motteke søknadar frå Technip for arbeid på Aasta Hansteen plattforma. Arbeidet er planlagt å skje i Vats- og Yrkefjorden i perioden august – desember 2015.

Det er søkt om følgjande dispensasjonar:

1. frå arealføremålet i kommuneplanen for flyta av understellet i Vatsfjorden
2. frå kravet i kommuneplanen om reguleringsplan for industriell verksemd for oppreising av understellet i Yrkefjorden
3. for ankring av understellet i Yrkefjorden
4. frå arealføremålet i kommuneplanen for bygging av nytt ankerpunkt ved Yrkefjorden
5. frå byggje- og deleforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen for bygging av nytt ankerpunkt ved Yrkefjorden

Vedlagt følgjer:

- søknadane som er nemnde ovanfor
- skildring av dei marine operasjonane samt konsekvensvurdering i samband med klargjering av Aasta Hansteen

### Kort oppsummering av tiltaket:

Technip og Hyundai Heavy Industries i konsortium er av Statoil tildelt totalentreprise for levering av understellet for Aasta Hansteen produksjonsplattforma. Understellet skal fabrikkast i Korea og transporterast til Noreg på dekket av eit tungtransportskip. Framme i Noreg er det planlagt å avflyta understellet inne i Vatsfjorden, for så å slepa det ut i Yrkefjorden der det vert reist opp til vertikal stilling, stabilisert, forankra temporært og gjort klart for samankopling med dekket. Technip har ansvaret for desse operasjonane og det er så langt i operasjonen det no er søkt løyve for. Etter dette vil Statoil overta understellet.

Førebuande arbeid med installasjon av dei temporære ankerfesta vil starta i august 2015. Lastefartøyet med understellet er venta å koma til norsk farvatn 13. september 2015. Operasjonane i Vats- og Yrkefjorden vil skje i tidsrommet september – desember 2015. Statoil overtek understellet når Technip er ferdig med sine oppgåver i desember 2015 og

samankopling med dekket og klargjering av heile plattformen vil skje på same lokalitet i Yrkefjorden fram til utslep sommaren 2016.

## Planstatus

Området i Vatsfjorden der det vert søkt om å flyta av understellet er i kommuneplanen sett av til Bruk og verna av sjø og vassdrag - kombinert føremål fiskeri og ferdsel. Det går også ei farlei (bilei) inn Vatsfjorden og det er sett av ei omsynssone sikring i tilknytning til Hatteland sitt lager / fabrikk for produksjon og montering av displayfyrverkeri.

Det er ikkje knytt eigne føresegnar til denne arealkategorien, men det følgjer av areal-føremålet at operasjonen med å flyta av understellet ikkje er i samsvar med dette føremålet.

Det aktuelle sjøarealet i Yrkefjorden er i kommuneplanen sett av til Bruk og vern av sjø og vassdrag - riggområde med følgjande føresegn:

### 5. Område for bruk og vern av sjø og vassdrag

#### 5.3 Riggområde

##### 5.3.1 Riggområde generelt

- *I dei tre riggområda kan fartøy, riggar eller andre installasjonar ankra opp i samband med inn- og uttransport til / frå dei tilliggjande næringsområda. For eventuell industriell aktivitet i riggområda er det krav om reguleringsplan (med planprogram og KU). Planen skal beskriva kva type installasjon det gjeld og kva aktivitet som skal utførast. Det må gå fram av plandokumenta korleis all forureining kan bli kontrollert og utsleppa regulert.*

##### 5.3.2 Tillegg for riggområde i Yrke-/Vatsfjorden

- *Det skal maksimalt vera oppankra 2 installasjonar (fartøy, riggar, eller andre installasjonar) samstundes. Lokalisering skal i minst mogleg grad vera i konflikt med fiskeriinteresse i området. Når det er to installasjonar inne på ein gong, bør den eine om mogleg ligge inne i riggområdet i Vatsfjorden.*
- *Maksimal liggjetid skal vera 6 månader.*
- *I nærare angitt område aust for Kattrau (mørkeblått område A på vedlagte kart) skal det ikkje ligge installasjonar i februar og mars.*
- *Kommunen skal varslast tidlegast mogleg når det er aktuelt at nye installasjonar skal kome inn. Fiskeridirektoratet skal deretter varslast umiddelbart. Lokalisering innafor riggområdet skal skje i dialog med fiskeridirektoratet.*
- *Grunna lysfiske skal installasjonane ikkje ha meir belysning enn naudsynt.*

Å reisa opp, stabilisera og ankra opp understellet i Yrkefjorden vil vera industriell aktivitet som føreset utarbeiding av reguleringsplan. Ankring i dette prosjektet vil ikkje koma inn under føresegnene i kommuneplanen som tillet ankring i inntil 6 månadar, då understellet ikkje skal liggja i fjorden i samband med inn- og uttransport til / frå det tilliggjande næringsområdet.

Arealet der det vert søkt om å etablere nytt ankerpunkt er i kommuneplanen sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) sone 1 med følgjande føresegn:

- *Berre tiltak som er naudsynte for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag er i tråd med LNF-føremålet i denne sona. Det kan ikkje førast opp eller delast frå til bustad-, fritids- eller næringsbygg som ikkje er del av stadbunden næring.*

Å byggja ankerpunkt er ikkje i samsvar med dette føremålet.

Dette arealet ligg også i 100-metersbeltet langs sjøen, der det etter plan- og bygningslova § 1-8 er byggje- og deleforbod.

Det følger av plan- og bygningslova § 19-2 at:

*Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.*

*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.*

*Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.*

*Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.*

## **Vurdering**

Arbeidet med ein reguleringsplan for fjordområdet pågår. Planutkastet er førstegangs handsama og vil bli lagt ut til offentlig ettersyn fram til 12.09.13. Det vil ta tid før planen er ferdig handsama, og det er ikkje mogleg å få ein vedteken plan tidsnok til å avklara spørsmålet om løyve til komplettering av Aasta Hansteen plattformen i Vats- og Yrkefjorden. Sjølv om det er først i 2015 at prosjektet er aktuelt, må avklaring av løyve av omsyn til den vidare planlegginga av prosjektet skje så snart som mogeleg. Det er derfor søkt om dispensasjon frå plankravet.

Det ligg føre kortfatta dispensasjonssøknadar. Bakgrunnen for søknadane går fram av vedlagte skildring med konsekvensvurderingar. Vats- og Yrkefjorden er funnen som det best eigna området pga djupne (heile inn-/utseglinga, stor djupne i Yrkefjorden og passe grunt i Vatsfjorden), smult farvatn (godt skjerma mot vind, tidevatn og bølger/dønningar frå Nordsjøen), lite konkurrerende trafikk, eksisterande infrastruktur (ankerfeste og tilgang til kaiareal og tenester / service hos AF Miljøbase Vats på Raunes).

Det er altså søkt om fleire dispensasjonar som må vurderast i forhold til aktuelle arealføremål og føresegner i kommuneplanen og byggje- og deleforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen etter plan- og bygningslova § 1-8.

Det aktuelle området i Vatsfjorden er sett av til Bruk og vern av sjø og vassdrag - kombinert føremål fiskeri og ferdsel, bilei og omsynssone sikring. Det er ikkje knytt eigne føresegner til denne arealkategorien, men det følger av arealføremålet at det i området ikkje skal skje tiltak eller aktivitet som er til hinder eller vesentleg ulempe for fiske og ferdsel eller som kan gjera vanskeleg bruken av farleia. Samtidig må synast aktsemd for den faren som Hatteland sitt lager / fabrikk for produksjon og montering av displayfyrverkeri representerer.

Det er eit kort tidsrom tilrettelegging for og avflytinga av understellet skal skje i Vatsfjorden. Operasjonen skal ikkje medføra varige terrenginngrep. Opplysningar om fisk og fiske som har kome fram i samband med kommuneplanen og det pågåande arbeidet med reguleringsplanen for Vats- og Yrkefjorden, tilseier at dette ikkje er eit tidsrom som er spesielt viktig for utøving av fiske. Farleia inn i Vatsfjorden blir ikkje nytta av rutegåande båtar, men større båtar går til og frå Åmsosen med ujamne mellomrom. Med god koordinering med ansvarleg for avflytingsoperasjonen legg kommunen til grunn at nødvendig ferdsel kan skje utan større forseinkingar. Tilsvarande vil vera for mindre båtar, inkl. fritidsbåtar. Når det gjeld forholdet til sikringssona, så bør det i god tid opprettast kontakt med Hatteland.

Området i Yrkefjorden er i kommuneplanen sett av til Bruk og vern av sjø og vassdrag med krav om reguleringsplan for ev industriell aktivitet. Bakgrunnen for denne føresegna er gjennom ein detaljplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing å gje føreseielege forhold for

bruken av fjorden for aktuelle brukarar, basert på best mogeleg kunnskap om konsekvensane av aktuelle tiltak / aktivitetar.

Konsekvensvurderinga i søknaden omtalar konsekvensar for samfunn (bustadmiljø, friluftsliv og næringsliv) og natur og miljø. Hendingar med utsleppspotensiale er vurdert og mengde og varigheit av utslepp er stipulert. Totalt sett blir det vurdert at den største faren er knytt til forureining i form av uhell av kortare varigheit. Det blir vurdert at operasjonen ikkje vil setja vesentlege begrensingar på fiske, inkl. notfiske. Kort oppsummert går det fram av konsekvensvurderinga at Technip meiner at det er mogleg å gjennomføra operasjonen utan at det vil få store negative konsekvensar for samfunn, natur og miljø. Løyve til å gjennomføra tiltaket vil kunna gje positive verknader i form av auka aktivitet knytt til miljøbasen på Raunes. Andre lokaliseringar for prosjektet er vurderte, men desse er funne mindre eigna. Det vert konkludert med at Yrkefjorden i kombinasjon med Vatsfjorden og AF Miljøbase Vats vil vera den lokaliseringa som vil gi dei beste samfunnsmessige resultatata av denne operasjonen.

Kommunen ser også at faren for forureining til sjø og konsekvensane for fiske som potensielt mest negative. Lagt til grunn type stoff, potensielle utsleppsmengder og varigheita av desse som er oppgitt i konsekvensvurderinga blir dei mogelegene negative forureiningsmessige konsekvensane vurderte som begrensa.

Arealmessig vil sjølve understellet ta lite plass i høve til heile fjorden, men medrekna arealet over ankerkjettingane til festepunkta tre på kvar side av fjorden blir det eit større areal. Størstedelen av ankerkjettingane vil liggja djupt i fjorden. Tida det no er søkt om er perioden august / september – desember 2015, men eit løyve til Technip som omsøkt vil føresetja at plattformen vil bli liggjande i regi av Statoil fram til sommaren 2016. Vinteren / våren 2016 vil det vera periodar som er potensielt viktige for fiskeri, m.a. notfiske etter sild og makrell. Dvs. etter den perioden desse aktuelle søknadane gjeld.

Yrkefjorden er ein god fiskefjord der det blir drive fiske med aktive og passive reiskapar gjennom heile året. Omfanget, særleg av notfisket, varierer frå år til år avhengig av innsiget av fisk. Talet på deltakande båtar og fiskarar (lokale og tilreisande) vil derfor også variera sterkt. Utgangspunktet må vera at både fiske og den aktuelle operasjonen skal kunna gå føre seg, noko som bør kunna skje ved god kommunikasjon og ei viss tilpassing frå fiskarane si side.

Oppdrettslokalitetane i fjorden ligg meir enn 2 km frå ankringspunktet og faren for eksponering av desse for forureining blir vurdert å vera liten.

Det nye ankerfestet vil bli liggjande i eit område som i kommuneplanen er dett av til LNF-område sone 1. Ankerfestet er ei plate i stål som er 1,5 m x 1,5 m som er montert på eit betongfundament som er 1,8 m x 2,1 m. Dvs. ikkje noko stort tiltak. Dette vil ikkje vera til hinder for landbruksverksemd. Aktuell lokalitet er ikkje spesielt attraktiv som friluftsområde. Storleiken på tiltaket tilseier at det i liten grad vil påverka området sin karakter eller funksjon som naturområde eller vesentleg vera i konflikt med dei verdiane som strandsonevernet skal ivareta. Det eksisterer allereie fleire slik ankerfeste på begge sider av både Vats- og Yrkefjorden.

#### Naturmangfaldlova

Planen omfattar areal som er relevant å vurdere etter naturmangfaldlova. Det følgjer av § 7 at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner for handsaming av saka og at det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurderte og vektlagde.

Opplysningar om biologisk mangfald er sjekka i Temakart Rogaland, Naturbase og Artsdatabanken sitt artskart.

Naturbasen syner førekomst av fiskemåke på Foreholmen, Flataskjer og Kattrauv i munningen av Vatsfjorden. Denne arten er klassifisert som nær trua på den norske raudlista.

Fjordane vert brukte av overvintrande siland, storskarv, gråmåke og svartbak som raste- og beiteområde. På holmar i fjordsystemet er det registrert hekkeområde for gråhegre (Foreholmen). Observasjonar av havørn i ytre deler av Vatsfjorden på våren kan bety hekkande par, då området er eigna som leve-/hekkeområde for arten og den er registrert hekkande andre stadar i kommunen. Ei uønska hending med utslepp vil kunne ha negativ verknad på fugl som oppheld seg på sjøen eller nytta sjøen som beiteområde.

I fjordområdet er det registrert to lokalitetar av spesielle marine naturtypar i Naturbase. Dette er morenebelte (israndavsetning) på tvers av Yrkjefjorden og Vatsfjorden. Operasjonen vil ikkje vera i konflikt med desse.

Arealet er ikkje registrert som verdifullt eller verneverdig kulturlandskap i Rogaland fylkeskommune si registrering "Vakre landskap i Rogaland", og ligg ikkje innanfor INON-område.

Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt nok (§ 8) og at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknad på naturmangfaldet. Kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka i hovudsak skal byggja på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er oppfylt.

I konsekvensvurderinga er det gjort greie for potensielle utslepp (type, mengde og varigheit). Konsekvensane på det biologiske mangfaldet vert vurdert å vera små. Prosjektet gjeld bygging / komplettering av ei ny plattform, der materiale og innhald vil vera i god stand og føresett godt kjend. Det er derfor ikkje grunn til å tru at tiltaket vil påverka trua eller verdfulle artar eller naturtypar.

Basert på kunnskapen om det biologiske mangfaldet og konsekvensar det er gjort greie for i konsekvensvurderinga, er det ikkje sannsynleg at aktuelle tiltak vil medføra vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på landskap, økosystem, naturtypar eller artar (§ 9 føre-var-prinsippet).

Etter § 10 skal den samla belastninga på økosystemet vurderast. Aktuell aktivitet i samsvar med planen vil i svært liten grad medføra irreversible fysiske inngrep, men representera ein viss fare for forureining. Pr. i dag er dei andre viktigaste belastningane på fjordsystemet den aktiviteten som skjer på land på AF Miljøbase Vats, utslepp frå privat og kommunal kloakk og oppdrettsnæringa, avrenning frå landbruket, samt fiskeriaktivitet. Det vert for tida arbeid med ein reguleringsplan for Vats- og Yrkjefjorden som kan opna for industriell aktivitet, m.a. slike operasjonar som det tiltaket denne søknaden gjeld. Omfanget av slik aktivitet er ikkje kjend, men i konsekvensutgreiinga til planen syner at ev utslepp med vurdert storleik og varigheit vil tynnast ut innafor avgrensa område og tid, og såleis ikkje ha større og alvorlege konsekvensar for naturmiljøet. Ut frå kunnskapen om det biologiske mangfaldet, tilstanden i fjorden, krav sett til drifta av miljøbasen og utgreidde konsekvensar av aktuell aktivitet, blir belastninga på økosystemet / fjorden vurderte å ikkje ha vesentleg negativ effekt.

Det pågår eit overvakingsprogram i området rundt AF Miljøbase Vats i regi av NIVA. Desse miljøundersøkingane har vist ein viss påverknad på miljøtilhøva, men ingen av dei påviste effektane representerar alvorlege miljøproblem.

Det vert også vist til at riggområdet er i samsvar med kommuneplanen og vurdert i konsekvensvurderinga av denne.

Etter § 11 skal tiltakshavar dekkja kostnadane ved å hindra eller avgrensa skade på naturmangfaldet som tiltaket medfører, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I denne saka vert det lagt til grunn at aktuell aktivitet ikkje skal påføra naturmangfaldet vesentleg skade. Krav til operasjonen vil også bli sett av KLIF ved deira handsaming etter forureiningslova.

§ 12 stiller krav om at det skal takast utgangspunkt i driftsmetodar og teknikkar og lokalisering som, ut frå ein samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultata. Alternative

lokaliseringar er vurdert. Vats- og Yrkefjorden er funne som best eigna og reguleringsplanen er i samsvar med kommuneplanen. Gjennom utsleppsløyve etter forureiningslovverket og krav som følgjer av petroleumslovgivinga blir det stilt krav om miljøforsvarlege teknikkar (BAT) og driftsmetodar.

### **Konklusjon**

Gjennom kommuneplanen har kommunestyret vedteke at dei aktuelle fjordområda skal kunna nyttast også til andre aktivitetar enn tradisjonell bruk som fiske og ferdsel. Det er ein føresetnad at aktiviteten / tiltaka, skal vera miljøforsvarlege og ikkje føra til forureining av fjordane eller til vesentleg fortrenging for andre brukarar. Dette er viktig både for det biologiske mangfaldet, lokalsamfunnet, fiskarane og dei andre som driv næringsverksemd knytt til fjordane.

Det snakk om eit enkelt og konkret tiltak. Sjølv om det er stort og vil bli liggande i fjorden over ei tid, er det eit oversiktleg tiltak som omgjevningane og andre brukarar føreseieleg kan forholde seg til.

Kommunen vurderer at omsøkte dispensasjonar for å byggja / komplettera Aasta Hansteen plattformen ikkje vesentleg set til side omsynet bak føresegnene i kommuneplanen eller byggje- og deleforbodet i strandsona eller omsyna i føremålsbestemmelsen i plan- og bygningslova. Det har heller ikkje kome fram forhold i dei vurderingane gjort etter naturmangfaldlova som tilseier at løyve til tiltaket ikkje kan gis.

Skildringa av operasjonen med konsekvensvurdering er etter kommunen sitt syn dekkande for aktuelle problemstillingar, og totalt sett finn kommunen saka tilstrekkeleg opplyst. Prosjektet vil ha betydning for fjordane som framtidig riggområde og medfølgjande aktivitet og sysselsetting. Det blir vurdert å ha få negative konsekvensar for miljø og samfunn. Etter ei samla vurdering vert derfor fordelane ved å gi dispensasjon vurderte å vera større enn ulempene.

Kommunen vurderar derfor å gi dispensasjon for det omsøkte tiltaket. Saka vert derfor send på høyring. Endeleg vedtak i kommunen vil bli fatta ved eit politisk vedtak etter høyringsrunden, og etter at innkomne merknadar er vurderte.

**Frist for uttale vert sett til 1. september 2013.**

Ev uttale vert å senda til Vindafjord kommune, Rådhuset, 5580 Ølen eller [post@vindafjord.kommune.no](mailto:post@vindafjord.kommune.no)

Dokumenta i saka er tilgjengelege på kommunen sine nettsider [www.vindafjord.kommune.no](http://www.vindafjord.kommune.no)

Tiltaket omfattar også areal i Tysvær kommune, for ankerfeste og ankerkjettingar. Tysvær kommune gjennomfører parallell høyring for tiltaka i sin kommune.

Med helsing

*Sissel Aarvik*

Sissel Aarvik  
Seniorrådgjevar plan

## Adresseliste – høyring Aasta Hansteen plattform

- Fylkesmannen i Rogaland, boks 59 Sentrum, 4001 Stavanger
- Rogaland fylkeskommune, boks 130 Sentrum, 4001 Stavanger
- Mattilsynet, DK Haugalandet, boks 383, 2381 Brumunddal
- Kystverket Vest, boks 1502, 6025 Ålesund
- Noregs vassdrags- og energidirektorat, Boks 2124, 3103 Tønsberg
- Fiskeridirektoratet, Region sør, boks 185 Sentrum, 5804 Bergen
- Statens vegvesen, Region Vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger
- KLIF, boks 8100 Dep, 0032 Oslo
- Tysvær kommune, boks 94, 5575 Aksdal
- Haugaland Vekst, Karmsundgaten 51, 5531 Haugesund
- Fiskarlaget Vest, Slottsgt. 3, 5003 Bergen
- Tysvær fiskarlag, v/ Arve Hersdal, 5567 Skjoldastraumen
- Marine Harvest, Hundsnæs, 4130 Hjelmeland
- Alsaker Fjordbruk, 5694 Onarheim
- Af Decom Offshore, Innspurten 15, 0663 Oslo
- Raunes Fiskefarm, Raunes, 5578 Nedre Vats
- Jakob Hatteland Bygg as, Åmsosen, 5578 Nedre Vats
- Vats Grendautval, v/ Jon Olav Velde, 5576 Øvre Vats
- Yrkje- og Lindanger Bygdalag, 5567 Skjoldastraumen
- Vats Båttforening, v/ Helge Olsen, 5578 Nedre Vats
- Norges Miljøvernforbund, avd. Vats, v/ Ståle Jøtne, 5578 Nedre Vats

### Grunneigarar med ankerfeste-punkt

- Skog AS, boks 59 Sentrum, 4001 Stavanger
- Leif Magnus Dale, Raunes, 5578 Nedre Vats





Vindafjord kommune  
Rådhuset  
5580 Ølen  
Ved Sissel Aarvik

Your ref:

Your letter of:

Our ref.

Date  
22 May 2013

## SØKNAD OM DISPENSASJON FRA KRAVET OM REGULERINGSPLAN FOR INDUSTRIELL VIRKSOMHET FOR OPPREISING AV UNDERSTELL I YRKEFJORDEN

Technip og Hyundai Heavy Industries i konsortium er av Statoil tildelt en totalentreprise for plattformunderstell for Aasta Hansteen. Leveransen til Statoil er understellet temporært forankret i beskyttet farvann, klart for sammenkobling med dekk. Technip ønsker å benytte Yrkefjorden til oppankring.

Understellet blir transportert fra byggeplass i Korea til Norge på dekket av et tungtransportskip. Etter avflyting fra skipet blir understellet transportert i horisontal stilling til ankringspunktet hvor det ved hjelp av vannballast blir reist opp i vertical stilling.


I kommuneplanen for Vindafjord kommune er arealet satt av til riggområde med krav om reguleringsplan for eventuell industriell aktivitet.

Arbeid med en slik reguleringsplan pågår, men av omsyn til tidsfaktoren og framdrifta i dette prosjektet er det behov for dispensasjon fra plankravet.

*Technip Norge søker herved om dispensasjon fra kravet om reguleringsplan for industriell virksomhet for å utføre oppretting av understellet fra horisontal til vertikal stilling. Denne operasjonen er planlagt å ta 5 døgn.*

For detaljert beskrivelse henviser vi til «Beskrivelse av Marine Operasjoner i Yrkefjord /Matsfjord og klargjøring av Aasta Hansteen plattform understell» som er vedlagt i separat søknad om dipensasjon for å ankre i Yrkefjorden.

Vennlig hilsen



Harald Vandbakk  
Prosjektleder

Vindafjord kommune  
Rådhuset  
5580 Ølen  
v. Sissel Aarvik

Your ref:

Your letter of:

Our ref.

Date  
22 May 2013

## SØKNAD OM DISPENSASJON FRA AREALFORMÅLET I KOMMUNEPLANEN OM Å FLYTE AV UNDERSTELL I VATSFJORD

Technip og Hyundai Heavy Industries i konsortium er av Statoil tildelt en totalentreprise for plattformunderstell for Aasta Hansteen. Leveransen er understellet temporært forankret beskyttet farvann, klart for sammenkobling med dekk.

Technip har valgt Vatsfjorden for avflytings operasjon av understellet fordi fjorden ligger i lukket farvann og i nærhet til Yrkefjorden som er valgt som ankrings sted.


I kommuneplanen for Vindafjord kommune er arealet satt av til område for ferdsel og fiske. Det vil derfor være behov for dispensasjon fra dette arealformålet for å utføre jobben med å avflyte understellet og å midlertidig våtlagre støttekrybbene på bunnen av fjorden. .

*Technip Norge søker herved om dispensasjon fra arealformålet i kommuneplanen til å flyte av plattformunderstellet i Vatsfjord som er utenfor Kystverkets godkjente marine operasjonsområde. Operasjonen er planlagt å starte 13.september 2015 og er planlagt til å ta 3 uker.*

*Technip Norge søkes herved om dispensasjon fra arealformålet i kommuneplanen til å våtlagre støttekrybber til understellet på bunnen i Vatsfjord som er utenfor Kystverkets godkjente marine operasjonsområde. Støttekrybbene hentes etter at understellet er ankret i Yrkefjorden ca 1 uke etter avsluttet avflytings operasjon.*

For detaljert beskrivelse henvises til den vedlagte støttedokumentasjonen «Beskrivelse av Marine Operasjoner i Yrkefjord / Vatsfjord samt konsekvensvurderinger i forbindelse med klargjøring av Aaste Hnasteen plattform understell».

Vennlig hilsen



Harald Vandbakk  
Prosjektleder

Vindafjord kommune  
Rådhuset  
5580 Ølen

Ved Sissel Aarvik

Your ref:

Your letter of:

Our ref.

Date  
22 May 2013

## SØKNAD OM DISPENSASJON FRA FORUTSETNINGER FOR ANKRING AV UNDERSTELL I YRKEFJORDEN

Technip og Hyundai Heavy Industries i konsortium er av Statoil tildelt en totalentreprise for plattformunderstell for Aasta Hansteen. Leveransen til Statoil er understellet temporært forankret i beskyttet farvann, klart for sammenkobling med dekk. Technip ønsker å benytte Yrkefjorden til oppankring.

I kommuneplanen for Vindafjord kommune er arealet satt av til riggområde, der fartøy, rigger eller andre installasjoner kan ankre opp i forbindelse med inn- og uttransport til / fra de tilliggende næringsområdene. Maksimal liggetid er 6 måneder. I og med at plattformunderstellet ikke skal til eller fra næringsområdet på Raunes og også skal ligge i fjorden mer enn 6 måneder, er det behov for dispensasjon fra bestemmelsene i kommuneplanen.


*Technip Norge søker herved om dispensasjon fra forutsetning for ankring av understell i Yrkefjorden.*

*Ankringsperioden det søkes for er fra 1. september 2015 til 30. august 2016.*

Technip vil ha ansvaret for understellet frem til 31.12.2015, Statoil vil overta ansvaret fra 1.1.2016 frem til utslep av plattformen sommeren 2016. Technip vil fjerne det temporære ankersystemet etter utslep.

For detaljert beskrivelse henviser vi til «Beskrivelse av Marine Operasjoner i Yrkefjord /Matsfjord og klargjøring av Aasta Hansteen plattform understell» som er vedlagt i separat søknad om dispensasjon for å ankre i Yrkefjorden.

Venlig hilsen



Harald Vandbakk  
Prosjektleder

Vindafjord kommune  
Rådhuset  
5580 Ølen

ved Teknisk etat

Your ref:

Your letter of:

Our ref.

Date

22 mai 2013

## SØKNAD OM DISPENSASJON FRA AREALFORMÅLET I KOMMUNEPLANEN OM Å BYGGE NYTT ANKERPUNKT I YRKEFJORDEN


Technip og Hyundai Heavy Industries i konsortium er av Statoil tildelt en totalentreprise for plattformunderstell for Aasta Hansteen. Leveransen til Statoil er understellet temporært forankret i beskyttet farvann, klart for sammenkobling med dekk. Technip ønsker å benytte Yrkefjorden til oppankring og vil i denne sammenheng ha behov for et ekstra ankerpunkt.

I kommuneplanen for Vindafjord kommune er arealet satt av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) sone 1.

Det vil derfor være behov for dispensasjon fra dette arealformålet for å kunne bygge ankerfestet.

*Technip Norge søker om dispensasjon fra arealformålet i kommuneplanen om å bygge et nytt ankerpunkt i posisjon M6 som skissert i vedlegg.*

Vennlig hilsen



Harald Vandbakk  
Prosjektleder

Vedlegg:

- skisse til ankerpunkt

Vindafjord kommune  
Rådhuset  
5580 Ølen

ved Teknisk etat

Your ref:

Your letter of:

Our ref.

Date

22 mai 2013


## **SØKNAD OM DISPENSASJON FRA BYGGE OG DELEFORBUDET I 100-METERSBELTET LANGS SJØEN FOR Å BYGGE NYTT ANKERPUNKT I YRKEFJORDEN**

Technip og Hyundai Heavy Industries i konsortium er av Statoil tildelt en totalentreprise for plattformunderstell for Aasta Hansteen. Leveransen til Statoil er understellet temporært forankret i beskyttet farvann, klart for sammenkobling med dekk. Technip ønsker å benytte Yrkefjorden til oppankring og vil i denne sammenheng ha behov for et ekstra ankerpunkt.

Plan- og bygningslova § 1-8 har et forbud mot tiltak mv. i 100-metersbeltet langs sjøen. Ankerfestet vil bli plassert i sjøkanten, og det vil derfor være behov for dispensasjon fra byggeforbudet.

*Technip Norge søker om dispensasjon fra bygge å deleforbudet i 100-meters beltet langs sjøen for å bygge et nytt anker punkt i posisjon M6 som skissert i vedlegg.*

Vennlig hilsen




Harald Vandbakk  
Prosjekt leder

Vedlegg:

- skisse til ankerpunkt

## Teknisk skisse til anker punkt M6



ID	Activity Description	Duration	Start	Finish	Jan '15	Feb '15	Mar '15	Apr '15	May '15	Jun '15	Jul '15	Aug '15	Sep '15	Oct '15	Nov '15	Dec '15	Jan '16
1	AASTA HANSTEEN - MARINE OPERASJONER I FJORD	132 d	17.08.15	27.12.15													
2																	
3	1.0 Ankomsten av understell fra Korea til Norge	0 d	13.09.15	13.09.15													
5																	
6	2.0 Installasjon ankersystem i Yrkefjord	46 d	17.08.15	02.10.15													
9																	
10	3.0 Avflyting i Vatsfjord	19 d	13.09.15	02.10.15													
14																	
15	4.0 Horizontal slep og oppkobling til ankersystem i Vatsfjord	7 d	02.10.15	09.10.15													
19																	
20	5.0 Oppretting Ballastering	5 d	09.10.15	14.10.15													
24																	
25	6.0 Mekanisk komplettering	17 d	14.10.15	31.10.15													
27																	
28	7.0 Fast Ballast Installasjon	8 d	31.10.15	08.11.15													
32																	
33	8.0 Installasjon an Kjetting	21 d	08.11.15	29.11.15													
37																	
38	9.0 Tank Testing	11 d	29.11.15	10.12.15													
40																	
41	10.0 Nedsenkings test og klargjøring for sammenkobling	4 d	10.12.15	14.12.15													
44																	
45	Overlevering til STATOIL	0 d	27.12.15	27.12.15													
47																	
48	STATOIL aktiviteter (Forsetter....)	0 d	27.12.15	27.12.15													

Task  
Split  
Milestone  
Summary  
Project Summary

External Tasks  
External Milestone  
Inactive Task  
Inactive Milestone  
Inactive Summary

Manual Task  
Duration-only  
Manual Summary Rollup  
Manual Summary  
Start-only


Finish-only  
Progress  
Deadline






**NOTES:**


1. THE SPAR SHALL BE FABRICATED FROM STEEL, TYPE A36, EXCEPTING AND TO THE EXTENT OF CONFLICT, TO THE SPECIFICATIONS OF AISC.
2. THE SPAR SHALL BE FABRICATED FROM STEEL, TYPE A36, EXCEPTING AND TO THE EXTENT OF CONFLICT, TO THE SPECIFICATIONS OF AISC.
3. THE SPAR SHALL BE FABRICATED FROM STEEL, TYPE A36, EXCEPTING AND TO THE EXTENT OF CONFLICT, TO THE SPECIFICATIONS OF AISC.
4. THE SPAR SHALL BE FABRICATED FROM STEEL, TYPE A36, EXCEPTING AND TO THE EXTENT OF CONFLICT, TO THE SPECIFICATIONS OF AISC.



**SKETCH**  
SCALE: 1/8"



ITEM	QTY	DESCRIPTION	SPECIFICATION
1	1	CHAIN TO MOORING PIN	20000
2	1	END LINK / ENDER	20000
3	1	MOORING CHAIN	20000
4	1	SHAKLE	20000
5	1	ANCHOR CHAIN	20000
6	1	ANCHOR CHAIN	20000
7	1	ANCHOR CHAIN	20000
8	1	ANCHOR CHAIN	20000
9	1	ANCHOR CHAIN	20000
10	1	ANCHOR CHAIN	20000



**SECTION**  
SCALE: 1/10000

**REVISIONS**

NO.	DATE	DESCRIPTION
1		
2		
3		
4		
5		
6		
7		
8		
9		
10		
11		
12		
13		
14		
15		
16		
17		
18		
19		
20		

**APPROVED:**

**DATE:** 01/11/2011


**PROJECT:** AASTA HANSTEEN SPAR FPSO

**CLIENT:** STATOIL

**DESIGNER:** HYUNDAI ENGINEERING CO., LTD.


**SCALE:** AS SHOWN

**DRAWING NUMBER:** GF030986-000-SK-3833-0003-01A



**NOTES**

1. ALL CO-ORDINATES IN METRES  
UNIVERSAL TRANSVERSE MERCATOR.  
PROJECTION 32N  
CENTRAL MERIDIAN 9°E.  
INTERNATIONAL 1924.  
EUROPEAN DATUM 1956(ED 63)  
GEOIDETIC DATUM ED 50  
DANISH DATUM SOUTH OF 62°N.  
USING EPSC FORMULA.
2. ALL BEARINGS SHOWN ARE RELATIVE TO U.T.M. GRID NORTH.
3. SEALINES/POWER CABLES. POSITIONS ARE NOT EXACT



THIS DRAWING KEY PLAN

THIS DRAWING IS THE PROPERTY OF TECHNIP. IT IS TO BE USED ONLY FOR THE PROJECT AND SITE SPECIFICALLY IDENTIFIED. IT IS NOT TO BE REPRODUCED OR TRANSMITTED IN ANY FORM OR BY ANY MEANS, ELECTRONIC OR MECHANICAL, INCLUDING PHOTOCOPYING, RECORDING, OR BY ANY INFORMATION STORAGE AND RETRIEVAL SYSTEM.

DESIGN	DESIGNED	DATE	DATE
1.000	1.000	1.12.12	1.12.12

TECHNIP  
TECHNIP USA, INC.  
TECHNIP LTD., 10000 W. 10th St., Suite 100, Denver, CO 80202, USA  
TECHNIP LTD., 10000 W. 10th St., Suite 100, Denver, CO 80202, USA




REV.	DATE	REASON FOR ISSUE	APPROVED
1.000	1.12.12	ISSUED FOR BIC	[Signature]


**Statoil**

MASTA HANSTEEN SUBSTRUCTURE EPC  
YRKEF JORDEN  
MOORING LOCATION  
BATHYMETRIC CHART

CONTR. NO: 800017454  
SCALE: 1:5000  
SIZE: A1  
AREA: -  
SYSTEM: -  
DRAWING NUMBER: C134-FE-V-XF-0054-01  
REV: A



- NOTES:**
1. ALL COORDINATES ARE IN METERS.
  2. PROJECTION: UNIVERSAL TRANSVERSE MERCATOR  
 ZONE: 37N  
 CENTRAL MERIDIAN: 9 DEGREES EAST  
 SPHEROID: INTERNATIONAL 1924  
 GEODETIC DATUM: EUROPEAN DATUM 1956 (ED 56)  
 DATUM SHIFT: TRANSFORMATION FROM WGS 84 TO ED 56  
 USING EPSG FORMULA, SOUTH OF 62 DEGREES NORTH.
  3. ALL BEARINGS SHOWN ARE RELATIVE TO U.T.M. GRID NORTH.
  4. SEALINES/POWER CABLES, POSITIONS ARE NOT EXACT.



REFERENCE DWG:  
1. 070208-000-000-000-001-01

THIS DRAWING SHOWS THE LOCATION - SURVEYING CHART

DATE	DESCRIPTION	BY	DATE	DESCRIPTION	BY
20-JAN-2015	ISSUED				
	REVISED				
	REVISED				
	REVISED				
	REVISED				

TECHNIP  
TECHNIP USA, INC.  
TECHNIP CAN. INC. 1000 1000 RD. W. 3000



PROJECT TITLE  
**AASTA HAUSTEN SPAR FPSO**  
INSHORE MOORING CHAIN  
PRE-INSTALLATION

GROUP NO: 4500017452	SCALE: 1:1000	DATE: 2015-01-20	PROJECT: AASTA HAUSTEN SPAR FPSO
SCALE: 1:1000	DATE: 2015-01-20	PROJECT: AASTA HAUSTEN SPAR FPSO	PROJECT: AASTA HAUSTEN SPAR FPSO



**Beskrivelse av  
Marine operasjoner i Yrkefjorden /Vatsfjorden  
samt  
Konsekvensvurderinger i forbindelse med klargjøring  
av Aasta Hansteen platform understell**



## INNHALDSFORTEGNELSE

1 Sammendrag .....	3
2 Beskrivelse av Plattformunderstellet .....	4
3 Beskrivelse av de marine operasjonene.....	5
3.1. Installasjon av ankersystem i Yrkefjorden.....	5
3.2 Ankomst Vatsfjord.....	6
3.3 Avflytings operasjon i Vatsfjord.....	7
3.4 Horisontalt slep .....	7
3.5 Oppkopling til ankersystem i Vatsfjorden .....	8
3.6 Oppreising og ballastering .....	8
3.7 Anker kjetting .....	9
3.8 Mekanisk komplettering .....	9
3.9 Fast ballast installasjon .....	9
3.10 Installasjon av plattform kjetting .....	10
3.11 Undervannsinnspeksjon .....	11
3.12 Tanktesting av understellet .....	12
4 Statoils operasjon – vil dekkes av egen søknad fra Statoil .....	13
5 Gjeldene planer og tillatelser .....	14
6 Konsekvensvurderinger .....	15
6.1. Dagens situasjon .....	15
7.0 Planlagt aktivitet og risiko for miljøpåvirkning.....	15
8.0 Vurdering av miljøpåvirkning.....	18
9.0 Bomiljø og eiendommer .....	22
10 Friluftsliv/rekreasjon.....	23
11 Næringsliv og samfunn.....	23
12 Beskrivelse av forebyggende tiltak mot forurensning .....	24
13 Miljøovervåkningsprogram.....	24
14 Vurdering av lokaliteter .....	25
15 Medvirkning.....	26
16 Forhold til andre offentlige organer.....	26
Vedlegg	
- Tidsplan	
- Kartskisse – «Inshore Mooring Chain Pre installation»	
- Kartskisse – “Yrkefjorden Mooring Location Bathymetric Chart”	
- Anker line –“pre-laid Inshore Mooring Segment Anchor Pontoon”	

## 1 Sammendrag

Technip og Hyundai Heavy Industries (HHI) i konsortium er av Statoil tildelt en totalentreprise for levering av plattformunderstell for Aasta Hansteen produksjonsplattform. Understellet skal fabrikeres i Korea og transporteres til Norge på dekket av et tungtransportskip.

Ved ankomst til Norge skal understellet flytes av tungtransportskipet, oppreises til vertikal posisjon, forankres temporært og gjøres klar for sammenkopleing med dekk. Technip har ansvaret for disse operasjonene. Technip ønsker å benytte Yrkefjorden for disse aktivitetene og planlegger oppankring av understellet i Yrkefjorden i perioden september til desember 2015. Det forberedende arbeid med installasjon av temporært ankersystem vil starte i begynnelsen av august.

Statoil overtar understellet når Technip har ferdigstilt sine arbeidsoppgaver desember 2015. Statoil vil utføre sammenkobling av dekket og klargjøring av hele platformen for utslep til feltet sommeren 2016 på samme lokasjon. Technip har ansvaret for å fjerne det temporære ankersystemet etter utslep.

En tidsplan for operasjonene i fjorden er vedlagt.

Technip søker om tillatelse for å utføre de nevnte operasjoner som er nærmere beskrevet i dette dokumentet. Technip har levert 14 understell av denne typen og har god erfaring med disse operasjonene.

Statoil vil søke om videre tillatelse for oppankring og ferdigstilling av plattformen i Yrkesfjord fra desember 2015 til uttaging i juli 2016.

Yrkefjorden har tidligere blitt benyttet til offshore installasjoner på grunn av stor dybde (300 - 400 meter) både i fjorden og i hele seilingsleden til åpent hav og er derfor vellegnet til denne operasjonen.

Yrkefjorden/Vatsfjorden er godkjent av kystverket som ankringsområde for offshore konstruksjoner og har vært benyttet til utrustning av betongplattformer fra 1970 tallet og frem til demontering av lastebøya Kittiwake i 2008 til 2009.

Dette dokumentet er et støttedokument til følgende søknader:

- Søknad om dispensasjon fra arealformålet i kommuneplanen om å flyte av understell i Vatsfjord
- Søknad om dispensasjon fra kravet om regulerings plan for industriell virksomhet for oppreising av understell i Yrkefjorden
- Søknad om dispensasjon fra forutsetning for ankring av understell i Yrkefjorden
- Søknad om dispensasjon fra arealformålet i kommuneplanen om å bygge nytt ankerpunkt i Yrkefjorden
- Søknad om dispensasjon fra bygge og deleforbudet i 100 meters beltet langs sjøen for å bygge nytt ankerpunkt i Yrkefjorden

## 2 Beskrivelse av Plattformunderstellet

Vedlagt bilde viser Aasta Hansteen plattformunderstell slik det vil fremstå i vertikal posisjon i fjorden. plattformunderstellets totale høyde er 198 meter og diameter 50 er meter. Vekten er ca 42 000 tonn.




Aasta Hansteen plattformunderstell



### 3 Beskrivelse av de marine operasjonene

#### 3.1. Installasjon av ankersystem i Yrkefjorden

Fortøyningskjetting skal preinstalleres før understellet ankommer Yrkesjorden. Fortøyningskjettingene skal forbindes til ankerfester på land. Det er ikke mulig å forankre konstruksjoner på denne størrelse med anker på sjøbunnen. Ankerkjettingene legges ut som vist på kartskissen. Denne operasjonen starter i midten av august 2015 og vil ta ca 7 uker.



Understellet skal fortøyes til fortøyningspunkter som allerede er installert i fjellveggen. Før bruk skal alle nåværende fortøyningspunkt resertifiseres.

I tillegg skal det søkes byggetilatelse til å bygge et nytt fortøyningspunkt på hver side av fjorden, beskrivelse bli gitt i egen byggesøknad.




Eksisternde Fortøyningspunkt

### 3.2 Ankomst Vatsfjord

Tungtransportskipet Dockwise Vanguard, er forventet å ankomme norsk farvann den 13. september 2015 med understellet.

Om selskapet Dockwise:

*The Dockwise vessels are in full compliance with the IMO International Safety Management (ISM) Safety Codes, Flag State legislation and class requirements. The Dockwise Management System is certified to ISO 9001, ISO 14001 & OHSAS 18001. Dockwise maintains a zero-accident policy, both onboard the vessels and in the offices. Initiatives taken by Dockwise include: Hazid/Hazop meetings for projects, root cause analysis, BowTie analysis and Tripod Delta and Beta.*



*Skipets data:*

<i>Lengste lengde</i>	<i>275</i>	<i>(m)</i>
<i>Største bredde</i>	<i>78,75</i>	<i>(m)</i>
<i>Dybde</i>	<i>15,5</i>	<i>(m)</i>
<i>Dybde off float</i>	<i>31,5</i>	<i>(m)</i>
<i>Vann over dekk</i>	<i>16,0</i>	<i>(m)</i>
<i>Dødvekt</i>	<i>117000</i>	<i>(Te)</i>
<i>Fart</i>	<i>14,5</i>	<i>(kn)</i>

Los kommer ombord utenfor Kvitsøy og loser skipet inn til Vats hvor avflyting operasjon skal skje i Vatsfjorden.





*Seilingsled inn til Vats*

### 3.3 Avflytings operasjon i Vatsfjord

Det planlegges å benytte kaien til AF Decom Offshore i Vats i forbindelse med operasjonen. I tillegg er AF Decom Offshore også forespurt om å levere flere tjenester og service i forbindelse med aktivitetene i Vats.


